



Austevoll kommune

Arkivsaknr: 2025/1850-10
Saksbehandlar: Bjørn Christian Bjånesøy
Avdeling: Oppvekst, kultur og fritid

SAKSFRAMLEGG

Trygg skuleveg - Storebøvegen

Utval

Levekårsutvalet

Kommunestyret

Formannskapet

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Austevoll kommunestyre ber kommunedirektøren arbeide opp mot utføraren av vegarbeidet for å betre skiltinga og merkinga av dei midlertidige kryssingspunkta på Storebøvegen. Det blir ikkje lagt opp ei midlertidig, generell skyssordning for elevar på strekninga.
2. Austevoll kommunestyre ber kommunedirektøren følgje situasjonen i anleggsperioden og vurdere nye tiltak dersom trafikktryggleiken endrar seg vesentleg.

Politisk behandling

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet

Saka skal til innstilling i formannskapet

Endeleg vedtak i saka blir gjort av kommunestyret.

Kort samandrag av saka

Kommunen har motteke søknader om skuleskyss frå føresette som meiner at skulevegen mellom Nordre Haugland og Storebø skule/Austevoll ungdomsskule er særleg farleg medan

vegarbeidet pågår. Søknadene er avslått, fordi strekninga har avskjerma gang- og sykkelveg, fartsgrensa er 40 og 50 km/t , og strekninga dermed ikkje vert vurdert som særleg farleg skuleveg etter regelverket.

Føresette har særleg peika på dei mellombelse kryssingspunkta, som ikkje er oppmerka med gangfelt. Kommunedirektøren rår til at kommunen arbeider med utførar for å betre skilting og merking av desse punkta. Ei mellombels skyssordning kan gje auka tryggleik, men vil kunne føre til høge kostnader og det kan vere utfordrande å skaffe tilstrekkeleg busskapasitet

Bakgrunn for saka

Det går føre seg vegarbeid på Storebøvegen. Arbeidet fører til midlertidige løysingar for trafikken på deler av strekninga Storebø – Eidsbøen

Kommunen har så langt motteke fem søknader om skuleskyss med grunngjeving i at skulevegen er særleg farleg i anleggsperioden. Søknadene som er behandla, er avslått. Ein del av grunngjevinga er at det er etablert avskjerma gang- og sykkelveg på heile strekninga.

Føresette har samtidig meldt uro knytt til at gåande og syklande må krysse vegen ved midlertidige kryssingspunkt utan oppmerka gangfelt. Kryssingspunkta er skilta, men vert likevel opplevd som utrygge, særleg for dei yngre elevane.

Fakta i saka

Elevane har rett til gratis skuleskyss når skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg, jf opplæringslova §4-2. vurderinga skal byggje på ei samla vurdering av vegen og eleven sine føresetnader

Aktuelle moment i vurderinga er mellom anna fartsgrense, trafikkmengd, sikt, vegbreidd, kryss, tilrettelegging for gåande og korleis vegen er skjerma frå trafikken.

På den aktuelle strekninga er det etablert gang- og sykkelveg. Dei midlertidige kryssingspunkta er skilta, men dei er ikkje oppmerkte som gangfelt.

Kommunen har ansvar for å behandle søknader om skuleskyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Utførar av vegarbeidet har ansvar for å følgje krav og planar for trafikkavvikling og sikring i anleggsområdet

Vurdering og drøfting av saka

Kommunedirektøren vurderer at strekninga samla sett ikkje kan reknast som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg etter gjeldande regelverk og praksis. Den avskjerma gang- og sykkelvegen langs strekninga talar for at trafikktryggleiken er teken vare på eit akseptabelt nivå.

Kommunedirektøren har likevel forståing for at dei midlertidige kryssingspunkta skaper uro. Særleg yngre eleva kan ha vanskar med å vurdere trafikkbiletet i eit anleggsområde. Det bør difor arbeidast med tiltak som gjer kryssingspunkta tydlegare og lettare å bruke.

Alternativ 1: Betre skilting og merking av midlertidige kryssingspunkt	
Beskriv alternativet:	
Kommunen arbeider opp mot utføraren av vegarbeidet for å betre skilting, merking og synleggjering av dei midlertidige overgangane. Tiltaka kan til dømes vere tydlegare varslings, betre oppmerking, lyssetting og eventuelt andre trafikktryggingstiltak innafor anleggsområdet	
Drøft konsekvensar:	
... for økonomi	Tiltaket vil truleg ha avgrensa kostnader for kommunen, avhengig av ansvarsdeling og kva tiltak utførar kan gjennomføre innafor kontrakten
... for klima og miljø	Tiltaket har avgrensa klima -og miljøkonsekvensar. Det kan dessutan redusere behovet for ekstra transport med buss eller privatbil
... for organisasjonen	Tiltaket krev dialog og oppfølging frå kommunen, men ikkje ei ny skyssordning eller vesentleg auka administrasjon
... for barnets beste og andre særskilde grupper	Tydlegare og betre sikra kryssingspunkt kan gjere skulevegen tryggare og redusere utryggleiken for elevar og føresette. Tiltaket fjernar likevel ikkje all risiko i anleggsperioden

Alternativ 2: Midlertidig skuleskyss medan vegen vert utbetra	
Beskriv alternativet:	
Kommunen tilbyr midlertidig skuleskyss til elevar som bur langs den aktuelle strekninga, så lenge vegarbeidet og dei midlertidige trafikktilhøva varer	
Drøft konsekvensar:	
... for økonomi	Ei generell skyssordning er estimert til å koste mellom 1-1,5 millionar kroner årleg. Endeleg kostnad vil vere avhengig av varigheita på anleggsperioden, talet på elevar og tilgjengeleg transportkapasitet
... for klima og miljø	Fleire bussar vil gje auka transport og utslepp. Samtidig kan tiltaket redusere køyring med private bilar
... for organisasjonen	Ordninga vil krevje planlegging, administrasjon og samarbeid med transportør. Det kan vere utfordrande å skaffe nok bussar og sjåførar i den aktuelle perioden
... for barnets beste og andre særskilde grupper	Midlertidig skuleskyss kan redusere elevane si eksponering for trafikk i anleggsområdet og gje større tryggleik for elevar og føresette. Dersom kapasiteten er avgrensa, kan ordninga vere vanskeleg å gjennomføre likt for alle

Oppsummering av fordelar og ulemper	
Alternativ 1 Betre skilting og merking	Fordel: Målretta tiltak, låg kostnad og avgrensa administrasjon Ulempe: Fjernar ikkje all opplevd eller faktisk risiko
Alternativ 2 Midlertidig skuleskyss	Fordel: Kan gje høgare tryggleik i anleggsperioden Ulempe: Høg kostnad og utfordringar med å skaffe nok busskapasitet

Sårbarheit og utfordringar

Trafikktilhøva kan endre seg i takt med vegarbeidet. Kommunen må derfor følgje situasjonen og ha dialog med utførar. Ei generell skyssordning kan og skape forventningar om tilsvarande ordningar ved framtidige midlertidige trafikkutfordringar

Kommunedirektøren sin konklusjon

Kommunedirektøren rår til alternativ 1. Betre skilting og merking av dei midlertidige kryssingspunkta er eit målretta tiltak som kan styrkje trafikktryggleiken og redusere uroa hos elevar og føresette

Kommunedirektøren rår ikkje til ei generell midlertidig skyssordning no. Ei slik ordning vil ha høge kostnader og vere krevjande å gjennomføre, mellom annan fordi det kan vere utfordrande å skaffe tilstrekkeleg busskapasitet, situasjonen må uansett følgjast tett i anleggsperioden